

Aktivitetsplan 2008 - 09

Dato	Arrangement	Komite
19. - 20. april	Øvingshelg	Styret
19. april	Park-konsert Måløy	Styret
3. mai	Dugnad Gravdal	Huskomite
24. mai	Dugnad Gravdal	Huskomite
31. mai	Speling Frelsesarmeen	Musikkutval
6.- 8. juni	TPM helg	Styret/ komite
1. - 4. aug	Tall Ship-speling	Styret
26. - 28. sept	Øvingshelg	
26. okt	Basar	
13. - 15. nov	S. og Fj.mestersk.	Komite - styret
21. desember	Julekonsert	TPM arrangerer
27. desember	Juletefest	
3. jan	Nyttårskonsert	Komite - styre
30. - 31. jan	Øvingshelg NM	Musikkutval
5. - 8. feb	NM Bergen	Musikkutval - styre
4.- 6. sep.	Stormfestival-09	Komite - styre

Melkekassa blir historie

Den for mange i Torskangerpoll Musikklag så kjende blå og blytunge melkekassa full av notestativ er historie. Kassa som har følgt korpset i mange tiår skal no pensjonert og på museum. Styret har bestemt at i staden for at nokre få skal øydeleggje ryggane sine med å slite på den tunge kassa, så skal alle etter dette ha kvart sitt notestativ. Stativet må merkast, og alle har ansvar for sitt stativ. Det skal ikkje ligge i øvingslokalet, men skal vere med både heim og på øving. Vi lyser fred over melkekassa sitt minne.



På kryss og tvers med VG	Prøv VG-kryss	1	2	3	4
	Loddrett:				
	1. Ikke far				
	2. Spise				
	3. Fuglemat i julen	1			
	4. Regne				
Vannrett:					
1. Matvalgliste					
5. Dyr					
6. Skalldyr	6				

Vredens Gnag

NM-mester-2008



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

nr. 4

15. årgang

Laussal: Gratis

april 2008

Flott 3. plass til Holvik



Holvik Skulekorps fekk ein flott 3. plass under Sogn og Fjordanemeisterskapen for korps sist helg. Kjempeflott innsats. Her er gjengen fotografert i Florø av Johan Wåge. Dirigent Roar Ståle Vedvik seier korpset gjorde sitt aller beste. Holvik Skulekorps fekk 90 poeng og kom på plassen bak Kalvåg Skulemusikk og Byrknes skulemusikk som fekk 91 og 93 poeng. Dommarane i solist- og ensemblekonkurransen og i korpskonkurransen i år var Eirik Gjerdevik og Bengt Florvåg. Resultatlista brass 3. divisjon: 1: Byrknes skulemusikk, 93 p. 2: Kalvåg Skulemusikk, 91 p. 3. Holvik Skulekorps, 90 p. 4. Slåtten skulemusikk, 88 p. 5. Kjølisdalen skulemusikk, 87 p.

www.torskangerpoll.no

Gje VG i bursdagsgåve

Kvifor ikkje glede nokon med eit abonnement på VG? Kanskje til burdsdag eller noko liknande? Ta kontakt med kasserer

Ingunn Kvalheim 41335683 eller

ingunnkval@hotmail.com om dette er interessant. Det kostar 120 kroner for eit år. Dersom du ikkje har betalt ditt eige abonnement så blir dette siste avisa i posten i år. John Inge til høgre meiner at det er vel verdt å få dette bladet i postkassa.



Konstituering av styret

- Leiar: Johan Wåge
- Nestleiar: Roar Ståle Vedvik
- Sekretær: Reidunn Øksdal
- Kasserer: Ingunn Kvalheim
- Styremedlem Tove Nerland

Tove har ansvar for å være bindeledd mellom medlemmer, dirigent og styre. Medlemmene henstilles til å være flinke til å bruke henne.

Stor trafikk på nett

Det har vore enorm stor trafikk på nettsidene våre, www.torskangerpoll.no i 2008.

Kvar veke har det i snitt vore 2.650 besøkande på sidene i år.

Gjesteboka er spesielt populær.

Leiar Johan Wåge oppmodar alle til å bruke gjesteboka. Fin arena til å diskutere saker, eller sende helsing til nokon. Artig!



Kjerringråd:

Blødninger:

- For å kurere en blødning, må man få gjennomført en årelating.
- Hvis det dreier seg om blødning fra en pulsåre, skal man legge en knebel om halsen på den syke.
- Hvis det dreier seg om hårbøldeblødning, er det tilstrekkelig å klippe håret.
- Hvis man blør neseblod, vil man som oftest slutte å blø om man står på hodet til hjertet slutter å slå. mvh. bretteren.



Øvingshelg i Holvik og Konsert i Måløy

I helga laurdag og søndag 19. og 20.april var det øvingshelg i Holvik Skule. Laurdag heldt korpset ein konsert i Måløy sentrum klokka 12.30. Instruktør i helga var Lisbeth Helen Wåge. Her er litt om opplegget for øvingshelga. Laurdag: Øvingsstart kl. 10.00. Konsert i Måløy kl.12.30 (ikkje uniform).

Søndag: Øvingsstart kl. 11.00 og øving fram til kl. 15.00

Forhandler om drømkonsert under Tall Ship

Ship Races. Torskangerpoll Musikklag er i forhandlingar med Vågsøy Kommune og komiteen som skal arrangere The Tall Ship Races om å sette opp drømkonserten på Torget i Måløy. Arrangementet vert fredag kveld. Forhandlingane er ikkje i boks,men det er sendt ut utkast til kontrakt til dei vi er avhengige av å ha med.

Teksten vil bli framført på engelsk. Kven som blir oppleser er ikkje bestemt endå. Johan har laga kontrakt og sendt til Idar og Eirik og til oversetteren. Blir dette gjennomført kan det bli ei fin oppleving på eit gigantisk arrangement.

